



MEDLEMSBREV NR. 1 – 2018

Kjære medlem, www.olavslettoselskapet.no er alltid oppdatert, men sidan ikkje alle medlemmer i Olav Sletto-selskapet er på nett, deler styret aktivitetane i selskapet også på gamlemåten, her fyrste halvår 2018.

Aktivitetar fyrste halvår 2018

Årsmøte 6. april 2018

Terje Vindegg minna

Terje Vindegg, pådrivar for Sletto-rommet og Sletto-arkivet i Holet bibliotek, vart minna før gjennomgangen av årsmøtesakene.

Årsmøtet vart helde på Vika velferdssenter i Hol, med 18 frammøtte, som var vel nøgd med styret sitt arbeid. Dei ga si fulle støtte til arbeidet med Olav Sletto-dagen 2018 og til vidareføringa av digitaliseringa av Sletto-arkivet i 2018.

Rekneskapet vart samrøystes godkjent.



Nytt styre i Olav Sletto-selskapet. F.v. framme Grethe Larsgard Rudningen, Eva Almhjell, Eva-Charlotte Mørk. Bak f.v. Inger Grostølen, Ola Ruud (kasserar, ikkje formelt medlem av styret) og Margarethe L'orange.
Foto: Brit Kaupang

Årsmøtet godkjente valnemnda si innstilling og ynskte velkomen Eva-Charlotte Mørk (nytt styremedlem), Olav O. Randen (ny vara), Liv Marit Dalen Goldstein (nytt medlem i valnemnda) og Oliv Bakkeplass (ny revisor). Leiaren takka dei som ikkje tok attval: Maria Søndrål, Per Lilleslett, Brit Kaupang, og revisorane Rangdi Skorge og Borgny Thorsrud for deira innsats i Olav Sletto-selskapet. Ho takka også dei som held fram i styre og stell. Årsmøtet vedtok å endre vedtektenes §§ 6 og 7, som betyr at det heretter blir ein revisor, ikkje to. Protokollen ligg her: www.olavslettoselskapet.no

Etter årsmøtesakene hørde vi eit NRK-intervju frå 1954 med Olav Sletto om folkemusikken i diktinga hans. Han talar reint landsmål. Eva-Cecilie Skaarberg og Margarethe L'orange fortalde frå arbeidet med å skrive av og skanne brev til Olav Sletto frå Alf Larsen, Arne Garborg, Hulda Garborg, Anders Hovden og mange fleire. Eva Almhjell fortalde frå transkriberinga av breva mellom Olav og Karin Sletto og produksjonen av brevttekster til lokale historielag frå Slettos taleferder – sjå under.



Eva-Cecilie Skaarberg fortel om Alf Larsen-brev til Sletto.
Foto: E. Almhjell.



Margarethe L'orange las utdrag frå ulike forfattarar sine brev til Olav Sletto. Forvitneleg!
Foto: E. Almhjell.

Prosjekt ”Digitalisering av Sletto-arkivet” – fase II formidling

Som i heile 2017, er det dette prosjektet styret prioriterer, også i 2018. No er mesteparten av arkivet transkribert og skanna, og unikt stoff er sendt Hol kommune i digitalisert form, følgd av tre rapportar (vinter, vår og haust 2017) som viser framdrifta i prosjektet (vi ventar framleis respons frå Hol kommune). Slettos taletema, brev frå Alf Larsen til Olav Sletto, mange brev frå kjende folk og mykje meir er ferdig. Stoff om Sletto som skulemann blir det arbeidd med. I saga om kjærleiken mellom Olav og Karin Sletto, er vi no framme ved 1917. Tre ungar er kome til verda i Vesleheimen, og Olav er på taleferder alle haustar, vintrar og vårar. Karin er heime med ungar og pige. Somrane er han heime - og skriv. Dei er i konstant pengenaud, sjølv om han til tider tener godt på taleferdene sine og sel mange av bøkene sine på møta. Det går likevel fleire pengar ut enn det som kjem inn, noko som er eit risikomoment for Karins helse. Utan solid økonomisk og anna støtte frå familien, ville ståa vore enda verre.

Brevtekster frå Olavs taleferder frå tida i Vesleheimen - Vollen i Asker



Vesleheimen vart tufta og tatt i bruk i 1912. Då var huset raudt med kvite omramningar. Dette bildet er frå 1945. Foto: Ludvig Pedersen Finstad/Hol Bygdearkiv.

Olav Sletto-selskapet sine vedtekter er styringsdokument for styret sin aktivitet. Målet er å få Olav Sletto ut or gløymsla, og legge til rette for og inspirere til forskning på forfatternen sitt liv og diktning. Eva Almhjell har til no skrive fleire tekster basert på brevvekslinga mellom Olav og Karin Sletto medan han var på taleferder (1910-1917). Tekstene blir publisert i årbøker og andre historiske tidskrift der Sletto har budd og reist. Dette er ein strategi for å fornye interessa for talekunstnaren og forfatternen som var der for 100 år sidan, t.d. i Drammen, Numedal, Vestfold, Hallingdal, Agder, frå dei åra familien budde i Vollen/Asker m.fl.

Sletto-arkivet som kjelde til forskning – utvalet er gjort av Olav Sletto sjølv

I Sletto-arkivet fins fleire hundre brev, manus, avisutklypp m.v. Det er Olav Sletto sjølv som har bestemt kva han ville skulle takast vare på for ettertida. Det han ikkje ville la falle i framande hender, brende han truleg, slik han sjølv sa han ville

(jf. L. Reinton «Ei bok om Olav Sletto» (1966)).

Det vi gir att er altså klargjort av forfatternen – truleg utan «innblanding» frå Karin. Ingen av barna til Olav og Karin Sletto lever i dag. Barnebarn gir si støtte til publisering av arkivmaterialet, t.d. i form av brevtekster.

Det er Hol kommune som **eig** Sletto-arkivet. Olav Sletto-selskapet **forvaltar** arkivstoffet, herunder formidling og publisering analogt og digitalt, jf. avtale mellom Hol kommune og Olav Sletto-selskapet, signert 19.6.2016.

Leveld Kunstnartun og Olav Sletto-selskapet

Leveld Kunstnartun og Olav Sletto-selskapet er i gang med samarbeid om ulike prosjekt.

OLAV SLETTO-DAGEN 2018

Olav Sletto-dagen er eit årleg arrangement, der ny forskning på forfatternens liv og diktning blir presentert. Laurdag 13. oktober 2018 er Veslesalen i Ål kulturhus tinga, og programmet er eit samarbeid mellom Olav Sletto-selskapet og Hol, Ål og Nes bibliotek. Fleire detaljar kjem utover året. Følg med på www.olavslettoselskapet.no

Medlemmer

Minneord over Terje Vindegg er publisert i Årshefte 2018 og på www.olavslettoselskapet.no Nokon melder seg ut, men fleire nye melder seg inn i Olav Sletto-selskapet.

Medlemskontingenten 2018 - 200 kr.

Kontingenten er sjølve grunnfjellet i selskapet. Tusen takk for den støtta vi til no har fått frå halvparten av vel 80 medlemmer! **Nokon kan framleis glede seg til å betala kr. 200 til Olav Sletto-selskapet, konto 2333 22 62998.** Minner om namnet ditt i merknadsfeltet.

Medlemsinformasjon og nyhende blir publisert etter kvart på www.olavslettoselskapet.no

ETTERLYSING:

BØKER AV OLAV SLETTO

Har du bøker av Olav Sletto som du kunne tenke deg å gi til, ev. selja til Olav Sletto-selskapet?

Ta kontakt med

Ola Ruud olaru@online.no / mobil 918 62 129

God vår!

Onsdag 10. april høyrde og såg eg linerla ved Hol gamle kyrkje! Midt i dei store snøhaugane!
Vi ynskjer alle våre medlemmer ein sprakande vår!

Tønsberg, april 2018/EA.